



AKTUELT FOR ØKOLOGISK FRUKT- OG BÆRDYR KING

Kontaktinformasjon:
Liv Lyngstad, NLR Hordaland
Tlf: 98 24 58 30 • liv.lyngstad@lr.no

Frøydis Linden, FMLA Hordaland,
Tlf. 90 55 21 94 • fmhofli@fylkesmannen.no

Nummer 1 - 14. april 2011

Innhald

- ◆ Nytt e-postskriv
- ◆ Frukt: Tid for oljesprøyting mot bladlusegg
- ◆ Eple: Skurvsporekastinga er i gang
- ◆ Frukt og bær: Tid for gjødsling
- ◆ Bær: Korleis har overvintringa vore?
- ◆ Studietur til Danmark og Sverige
- ◆ Kurs

Nytt e-postskriv

Føregangsfylket for økologisk frukt- og bær dyrking, Hordaland og Sogn og Fjordane, og Norsk landbruksrådgiving samarbeidar om å sende ut dette e-postskrivet med informasjon, nyhende og dyrkingstips for økologisk frukt- og bær dyrking. Me vil sende ut skrivet gjennom heile vekstsesongen.

Kva slags informasjon ynskjer du å få i eit slikt skriv?

Me inviterar mottakarane til å kome med innspel til kva informasjon som bør vere med i eit slikt skriv. Om du har tips til stoff me bør ta med eller andre forslag send e-post til: liv.lyngstad@lr.no.

Frukt: Tid for oljesprøyting mot bladlusegg (også effekt mot frukttremidd)

Om du har hatt problem med bladlus i frukttrea, er tidleg vårsprøyting med olje på egg, eit godt og effektivt tiltak. Ideelt tidspunkt for sprøyting i plomme og moreller er på **sein svellande** knopp, når dei **første egg** klekkjer. Fleire stader er utviklinga kome så langt at sprøytinga bør skje ein av dei nærmaste dagane. For å treffe rette tidspunktet er det viktig å følge hyppig med på knoppene i frukthagen.



Avbestilling / bestilling av e-postskrivet:

send e-post til
liv.lyngstad@lr.no



Bladlusegg på fruktknopp.
Bilde: Det svenske jordbruksverket

Bruk godkjend, ikkje genmodifisert, **raps/soya-olje og tilsett grønsåpe**. 2 l olje + 0,5-1 l grønsåpe per 100 l vatn er effektiv mot overvinterande luseegg.

Denne sprøytinga har også effekt mot frukttremidd. Sprøyt når dei fyrste middene er klekt (grøn spiss i eple).

Eple: Skurvsporekastinga er i gang

Skurvsoppen overvintrar på vissent lauv i frukthagen og som grein-skurv. Når knoppene bryt og har nådd stadiet grøn spiss (sjå bilete), startar sporekastinga. Frukttree har fleire stader i landet nådd dette utviklingsstadiet, og skurvsporer vert kasta ved neste langvarig regn-
ver.

Om det var mykje skurvflekker på blada i frukthagen på ettersommaren i fjor, kan du rekne med at smittepresset i fruktfeltet er høgt, og det er viktig med førebyggjande tiltak for å redusere smittepresset. Det er viktig å fjerne så mykje som mogleg av det visne lauvet. Det er ikkje alle stader at dette er praktisk mogleg. Skjer også ut alt du ser av grein-skurv.

Om ikkje lenge kan det vere aktuelt med førebyggjande sprøyting mot skurv. Bruk svovel i forkant av nedbørsperiodar, men hugs at svovelsprøytinga har dårleg effekt ved låge temperturar.

Frukt og bær: Tid for gjødsling.

Det er snøbart og vår dei fleste stader med frukt og bær dyrking og det er viktig å få ut gjødsla tidleg. Mikroorganismene treng tid for å omdanne den organiske gjødsla, slik at næringsstoffa vert tilgjengeleg for plantene. Frukttree har stor trong for næring i tida før bløming, og då er det viktig at næringa er tilgjengeleg. Bringebæra har også trong for god næringstilgang tidleg i vekstsesongen. Det tek spesielt lang tid før den pelletert Marihønegjødsel vert oppløyst og omdanna. Slik gjødsel er best å ha ut i fuktig ver.

Om du har moglegheit til å harve eller på anna måte blande gjødsla ned i jorda er dette ein føremon, både om du brukar vanleg husdyr-gjødsel eller anna organisk gjødsling.

Bruk mengder som er sett opp i gjødslingsplanen.

Bær dyrking: Korleis har overvintringa vore?

Det har vore ein uvanleg kald og lang vinter mange stader. Det kan vere litt tidleg å vurdere overvintringa, men det er meld mildt ver framover, og om ikkje lenge kan ein sjå om det er liv i plantane.

Rydd bort vissent lauv og andre daude plantedelar, og vurder om det er trong for erstatning med nye planter.

Interessert i økologisk frukt- og bær dyrking?

Følg med på bloggen til føre-gangsfylka for økologisk frukt- og bærproduksjon.

[http://
okofruktogbar.blogspot.com/](http://okofruktogbar.blogspot.com/)



Grøn spiss på Gravenstein.
Foto: Hagis, Sogn og Fjordane

Plantevernplan for økologisk frukt dyrking

Den nye plantevernplanen for økologisk fruktdyrking vil om kort tid verte lagt ut på nettet. Her er mange gode tips og mykje god informasjon om økologisk godkjende tiltak mot skadegjerarar i fruktfelta.

Følg med på :

www.agropub.no

Dyrkingstips for økologisk bær dyrking.

Det er utabeidd faktaark for økologisk bær dyrking med desse tema:

- Haustberande bringebær som gir blomer og bær på årsskota
- Jordekke
- Dekking
- Plasttunnellar
- Rotsnutebille
- Gråskimmel

Du finn dei på :
<http://www.agropub.no/id/10406>

Studietur til Danmark og Sverige

30.juni til 3. juli vert det studietur til økologiske og miljøvenleg drevne frukthagar i Sør-Sverige og på Fyn i Danmark. Me vil sjå nyetablerte og etablerte økologiske frukthagar med moderne dyrkingssystem. Gardsbesøka vil ha fokus på korleis oppnå høg avling, god kvalitet og bra lønsemd i produksjonen.

Program:

Henning Bæk Hansen, Allesø Odense: 350 da økologisk produksjon - mest eple.

Forskarar på SLU: Siste nytt innan økologiske plantevernstrategiar og ugrasmiddel.

Johan Ascard frå Jordsbruksverket: Svensk økologisk fruktproduksjon, regelverk og økonomi.

Erik Löwendal, Malmø. 200 daa sertifisert IP-produksjon, arbeidsplattform, gardspakkeri.

Omvising i industriplantinga til Kivik Musteri. 80 da økologiske eple, med rådgjevar Henrik Stridh.

Cidersmaking www.kiviks.se

Per Odén, 15 da nyplanta økologisk eplehage.

Bengt Åkesson, 45 da økologisk eplehage med hesjesystem. Henrik Stridh er omvisar.

Anders og Ann-Louise Månsson, 20 da økologisk eplefelt med levering til fruktlager. Gardsturisme.

Pris for dyrkarar i dei to føregangsfylka på Vestlandet er kr 2900,-.

Det er tinga 20 plassar på førehand.

Påmelding innan 1. mai til fmhofli@fylkesmannen.no eller ring til Frøydis Lindén på 90552194.

Det er også mogeleg å reisa til og frå København eller Malmø på eiga hand, og elles fylgja programmet.

Sjå fullstendig program på: <http://okofruktogbar.blogspot.com>



Nytt økologisk fruktfelt på Oma i Hardanger.

Kurs i etablering av nye fruktfelt

Stad: Hardangertun i Kinsarvik

Tid: Laurdag 7.mai 2011

Kurset er retta mot utfordringar som er felles for etableringa av økologiske og konvensjonelle felt. Tema:

- Kort om føregangsfylket i økologisk frukt og bær **ved prosjektleiar Frøydis Lindén**
- Nye plantesystem og kva må til for å få vellukka planting **ved Endre Bjøtveit,**
- Førebuinga av felt (jord og gjødsling) **ved Kari Bysveen, Sogn Jord- og Hagebruks-skule**
- Stell av nye felt og nye metodar for mekanisk ugraskontroll i feltet- **ved Jan Ove Nes,** demonstrasjon og markvandring på **Ernesfeltet (bioforsk Ullensvang)**
- Markvandring i moderne tettplanting, **Lofthus.**

Kursavgift: kr 450,- inkl lunsj

Heile programmet finn du på

<http://sjh.no/ressursenter.no>

Påmelding innan 29. april til:

e.post: paamelding.sjh@sfj.no